

KOM SOM DU ER

Tekst: Synne Vorkinn

Av og til har vi dårlege dagar.
Ein kan bli så sliten og lei.
Da treng ein nokon som kan dra ein opp att.
Som møter opp med smil og eit hei.

Vi står saman
uansett kva som skjer.
Ja, vi står saman.
Og alle får vere med.

**Berre kom som du er.
Vi kan gråte, vi kan le,
eg vil vere der for deg same kva.**

**Så kom som du er.
Om du har det vanskeleg,
kan du lene deg på meg kvar ein dag.
Ja, kom som du er.**

Ein ven er ein som du kan ha det gøy med.
Som ikkje dømmer deg for dine feil.
Ein som du kan danse med i regnet.
Som alltid lar deg kome heim.

Vi står saman
uansett kva som skjer.
Ja, vi står saman.
Og alle får vere med.

**Berre kom som du er.
Vi kan gråte, vi kan le,
eg vil vere der for deg same kva.**

**Så kom som du er.
Om du har det vanskeleg,
kan du lene deg på meg kvar ein dag.
Ja, kom som du er.**

Ja, berre kom som du er.

Når kvelden kjem, og mørket legg seg,
og dagen vert til natt.
Når tankane tek overhand, så
skal du vite at

**Berre kom som du er.
Vi kan gråte, vi kan le,
eg vil vere der for deg same kva.**

**Så kom som du er.
Om du har det vanskeleg,
kan du lene deg på meg kvar ein dag.
Ja, kom som du er.**

Ja, berre kom som du er.

